

MØTEREFERAT 31. MAI 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 31. mai 2022 Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Marit
Opning:	Jørgen

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg Løkling, Marit Stalheim Grimstad, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Ingebjørg R. Grønsdal, Jørgen Knudsen

Forfall: Marta Kristin Valvatne, Katrine Valvatne Kvernenes, Kristine Wiersen, Ståle Betten, Randi Bod Haugsdal, Karen Marie Valvatne

SAKLISTE

2022/25 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Merknad: Det har kome ei sak om korleis Nysæter sokneråd vil plassera rekneskaps overskotet for 2021 og ei sak om sak om lyden i klokketårnet. Det er og kome inn tre orienteringsaker

Vedtak: Godkjent med merknad

2022/26 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 19.04.22

Vedtak: Godkjent.

2022/27 – 210 Utlysning av stillingar

Saksutgreiing

Sjå vedlegg frå Kyrkjeverje

Vedtak: Delt i to

Diakonstillingen: Soknerådet støttar så stor stilling som mogleg. Soknerådet ynskjer fokus mot ungdomsdiakoni.

Kantor/organist stillingen: Soknerådet støttar så stor stilling som mogleg.

2022/28 - 354 Konsert med «det sårbare livet»

Saksutgreiing:

Soknerådet har fått tilbod om konserten «det sårbare livet»

Vedtak: Soknerådet støttar kantor i arbeidet med å gjennomføra denne konserten. Nysæter sokneråd vil ha datoen så snart den er klar.

2022/29 – 310 Gudstenesteliste hausten 2022

Saksutgreiing:

Gudstenestelista ligg vedlagt

Vedtak: Nysæter sokneråd godkjenner gudstenestelista slik den ligg føre.

2022/30 - 012 Plan for soknerådsmøte hausten 2022

Saksutgreiing: Forslag til møteplan: Soknerådsmøte: 30.08., 20.10. og 06.12 AU 16.08., 27.09. og 22.11.

Vedtak: Nysæter sokneråd godkjenner møteplanen slik den ligg føre. Gjer og merksam på at døgnet 09.-10.09 er ein del av soknerådet sine møter.

2022/31 – 010 Sommarfullmakt

Vedtak: Nysæter sokneråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet i sommarferien, avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møtet etter ferien.

2022/32 – 120 Plassering av rekneskapsoverskot

Vedtak: Overskotet til Nysæter sokneråd på 49 292,82 kr frå 2021 vert plassert i ubundne fonn.

2022/33 – 411 Lyd i klokketårnet

Vedtak: Nysæter sokneråd ynskjer at Stord kyrkjeleg fellesråd ser på saka med at det er veldig kraftig lyd i klokketårnet.

Generell informasjon

1. Orienteringsak om felles arbeidsgivaransvar for tilsette
 - Dette vedlegget er ei oppsummering og orientering om kor langt dette arbeidet er kome. Og kva det vert arbeid med vidare.
2. Folk i sentrum 11. juni: Staben arbeider med saka. Det vert lagt til rette med stand.
 - Nysæter sokneråd stiller med følgande personar: John Oddvar er med og riggar opp og ned. Oddbjørg tek fyrste vakt. Marit tek siste vakt. Oddbjørg utfordrar Karen Marie, Kathrine og Randi til å lage vaffelrøre.
3. Bossdunkar og sykkelstativ. Hus til bossdunkar må stå på vent ei stund. Dette må sjåast i samheng med rehabiliteringa av parkeringsplassen. Sykkelstativ er ikkje gløymt. Me oppmodar kyrkjevevja om å få sykkelstativ på plass til oppstart hausten 2022.
4. Kyrkjekaffi «Fest i vest» 26.02.22
 - Reidun Andersen lagar til kaffi og lefser. Og tek ansvar for å få på plass kaffi, koppar og lefser. Me treng to til å servera og rydda. Tormod og Brynhild tek ansvar for kyrkjekaffi.

5. Gudstenestutvalet har valgt å ikkje laga egne rettningslinjer for frivillige innan musikk.
6. Kyrkjelydsfest 27.10 i Nysæter kyrkje
7. Prostdag 03.11.22
8. Søndagsskolen i Nysæter har sendt brev til soknerådet, der dei skriv at dei vil leggja ned søndagsskolen førebels. Me ynskjer å takka dei av i gudstenesta 19.06.
9. Orientering frå staben.
 - Hjørdis Heggland er gått av med penjon. Ole Jørgen Furdal sluttar 1. oktober. Olav Johannes Oma seier opp stillinga og startar som prest på Fitjar i august/september. Svein Arne Theodorsen vil fungera som soknerprest i Stord. Han jobbar og med å få på plass andre til å vera med og ha gudstenester i Stord kyrkje. Elisabeth Fauskanger har fått eit års permisjon frå 01.08.22. Det vert jobba litt med å spørja folk om å vera vikar.
10. Spira treng nye folk i redaksjonen. Er det nokon som kan tenkja seg å vera med på dette arbeidet? Saka om "Spira" kjem opp på møte i august når ein veit litt meir.
11. «Etter skuletid» sluttar no for sesongen. Dei startar opp igjen til hausten. 8.juni inviterer Stord kommune frivillige i kommunen til eit møte. Her vil «Etter skuletid» presentera seg.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå TOL utvalet
2. Referat Stord sokneråd 21.04.22
3. Referat i frå gudstenestutvalet 09.05.22

Oddbjørg Løking
soknerådsnesteiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd	
Tid:	30.august 2022 kl 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Heine Kaldefoss
Kaffi:	Karen Marie Valvatne